



Gunn Mari Moberg – ny leiar i Høgre (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det ekstraordinære årsmøtet i Kvinnherad Høgre på Husnes valde Gunn Mari Moberg frå Uskedalen som ny leiar etter Øyvind Utne frå Rosendal. Dermed er tre av parti-leiarane i kommunen frå Uskedalen. Dei to andre er Tove Lill Lakselv i Frp og Kjell Yri i Venstre.

Under Høgreårsmøtet da 33 nei til attval av styret medan 21 røysta ja. Morten Vetvatne frå Husnes vart attvald som nestleiar. Han sa at han ikkje hadde tillit til den sitjande leiaren og ville trekkja seg frå styret dersom Utne vart attvalt. Kasserar Ingrid Skeie vart attvalt medan Resy Aak Toresen vart ny skrivar. Terje Eikemo vart attvalt som styremedlem medan Johnny Thomsen og Dagfinn Gjerde vart nye styremedlemmer.

Leiar i Hordaland Høgre Nils Marton Aadland sa under møtet at nominasjonsmøtet den 11. februar var det lovlege. Det sette Arne Havnerås på topp og Gunn Mari Moberg som nummer to. Ho vart også nominert på denne plassen under det andre nominasjonsmøtet og vart kumulert i begge.